



Det Kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Vår ref.:
06/10994

Saksbeh.:
JKJ

Ark.:
L10, &13

Dykkar ref.:

Dato:
29.08.2006

SVAR PÅ REVISJON AV VEILEDER FOR GRAD AV UTNYTTING - HØRING

Viser til Dykkar brev av 07.07.2006.

Sula kommune ser positivt på initiativet til å få utarbeidd ein revidert rettleiar. Illustrasjonane med utdjupande tekst og eksempel er i stor grad eit døme som kan tene som eit førebilete og som kan danne mal for seinare informasjonsmaterial. Vi ser likevel behovet for fleire eksempel i høve planføresegner knytt til dei ulike tema.

Vi har følgjande kommentarar:

Definisjonen på blokk er noko upresis. Kva skal ein kalle ei blokk med t.d. 5 etasjar? Sjå side 14(-15). Figur 2-8 er heller ikkje korrekt – eksemplet med fri høgde meir enn 5 meter må skrivast >5 m. Fig. 2-9 må også endrast da eksemplet gjeld 0,5 m og ikkje 5 m. Side 27-28. Elles merkar ein seg nokre uklare referansar i høve tekst og figur. Til dømes vert det vist til figur B-3 på side 48, noe som sannsynlegvis skal vere fig. 3-3. Og på side 54 må ein samordne figur 4-7 a, b og c i forhold til figur 4-7.1, 2 og 3. Det kan vere fleire døme på manglande presisjon utan at ein har lagt vekt på å "lese korrektur".

Når det gjeld dei endringane der departementet er særleg interessert i tilbakemelding har vi følgjande kommentarar:

1. Berekningsmåte for grad av utnyttning
OK.
2. Minste uteopphaldsareal
Har ikkje erfaring med denne, men ser eit behov.
3. Bruksareal delvis under terreng
Ingen kommentar.

Adresse:
Postboks 280
6039 LANGEVÅG

Telefon:
Sentralbord: 70 19 91 00
Saksbeh:
Telefaks: 70 19 91 01

E-post:
postmottak@sula.kommune.no
Web:
www.sula.kommune.no

Bankgiro:
6545 05 10011
Skattekonto:
7855 05 15317
Foretaksnr.:
964 980 543

4. Gjennomsnittleg terrengnivå

Omgrepet i seg sjølv er greitt i den grad ein har behov for å rekne på det. I høve planføresegner kunne ein heller, for å minimere terrenginngrepa, rett og slett seie at største møne-/gesimshøgde målt frå opphavleg terreng skal ikkje overstige x meter. Eksempla er forståelege men illustrasjonane (spesielt fig. 2-28) kunne vore noko større. For ingeniørar er dette greitt nok, for andre kanskje litt vanskeleg.

5. Parkering


Parkeringsareal bør takast med i berekningane utan unntak. Det ein kan vurdere er å seie at arealet som går med til parkering på terreng skal telje 50%, i berekningane av BRA og BYA.

6. Eksempel og illustrasjonar

Sjå kommentar i innleiinga.

Eit anna element ein kunne vurdere nærare med tanke på avstand frå bygnad til tomtegrense (side 58) er å sjå på det visuelle fasadeareal i forhold til nabobygnad (eller projisert 90° på tomtegrensa) rekna med utgangspunkt i opphavleg terreng. Det er ikkje berre høgda som burde vore styrande (der avstanden skal vere minimum 4 meter, men ikkje mindre enn halve bygnadens høgde), men også breidda på bygnaden. Ei avgrensing i høve begge desse parametranne kunne vore ein fordel.

Med helsing



Jan-Kristian Janson
Sektorsjef

Kopi til:

Statens Bygningstekniske etat

Postboks 8742 – Youngstorget

0028

OSLO